

Ånuglo

NYTT LIV FOR EIT TAPT SKOGSPARADIS?

Ta ein tur til ÅNUGLO ein varm sommardag. Du kan ankra opp i Skipavågen og gå på oppdagarferd langs stranda. Eller du kan finna kjempetre av kristtorn og bergflette inne på øya. Går du innom dei små gardane på vestsida – den eine enno i hevd – kan du oppleva fargerike blomeenger frå ei tid alle drøyer om, men få lenger hugsar.



Anemor og Reidar Skorpen i slåtten. Står blomeengene ustelte for lenge, vil dei gro att og forsvinna. (Svein Nord)

Er det høgsommar, set prestekrage og blåkløkke tonen, akkompagnert av ei lang rekkje urter og gras. Litt tidlegare, i juni, ligg jordnøttblomane som eit brureslør utover markene. Dersom du kjem i mai, er det heile farga av vårkål, engkarse, vårmarihand og kusymre.

Med dei milde kystvintrane og dei lange, fuktige og relativt varme somrane ligg Ånuglo midtjords med betre føresetnader for plantevekst enn det som er vanleg. Opphavleg var øya dekt av grovaksen furuskog. Enno finst det teigar med storfuru og digre eiketre, og ein stad står det ei kjempestor lind.

Alt i 1909 vart det gjort framlegg om å freda

eit område under Skogvesenet sin administrasjon. Striden om freding eller skogplanting vart lang. Først i 1967 kom det framlegg om grense for eit verneområde på søraustsida av øya. I mellomtida var det planta framande treslag på øya.

Den tunge og mørke granskogen trugar med å fortrenja den opphavlege furuskogen. I dei seinare åra er mykje av planteskogen hogd, men det er uvisst om ein klarar å føra vegetasjonen tilbake til det opphavlege. Det vil i alle høve ta lang tid å lækja såra etter skogsmaskinene. Og ein stri jobb skal det bli å fjerna gran, sitkagran, edelgran, hemlökk, lerk, bøk og platanlønn, som i dag gjer krav på sin del av Ånuglo. Frøplanter tyt opp alle stader, også i verneområdet.

Mest kjend er kanskje Ånuglo for dei kjempestore trea av kristtorn og bergflette. Den største bergfletta i Noreg voks her, men tidleg i 1950-åra måtte ho gi tapt for seinskadane etter torpedosplintar under eit sjøslag i april 1940. I dag er ei ny bergflette i ferd med å ta over etter den gamle kjempa.

Den frodige furuskogen under Storhaugen har vekt internasjonal interesse. Du kan vandra i underskog av 5–8 meter høg einer, kristtorn og hassel, og oppleva kor småfalne dei verkar i forhold til kjempefuruene som ruvar over. Bergfletta klatrar oppetter furuleggene, og vivendel, steinnype og krossved dannar buskas over ei frodig blanding av kusymre, ramslauk og fleire andre kystplanter. Ved Vedavika veks den austlegaste førekomsten av purpurling i fylket (©115).



Professor Sernander (med ryggen til) og ein student måler diameteren på den store bergfletta på Ånuglo.

MANGFALDIG DYRELIV

I dag er det berre nokre få fastbuande på Ånuglo, og store delar av øya gror att. Dette er ein føremon for dyrelivet; Ånuglo har kanskje meir variert fauna i dag enn nokon gong på 1900-talet.

Naturreservatet på søraustsida av øya busar det mest mangfaldige dyrelivet, sjølv om reservatet eigentleg er oppretta av omsyn til plantelivet. Eit like viktig område, særleg for fuglar, er den frodige lauvskogen frå den søre enden av reservatet og opp mot gardsområdet. Mange tre ber tydelege merke etter hakkespett. Det finst minst tre artar hakkespett på Ånuglo, med kvitryggspetten som den mest vanlege. Han har svært store revir, og er følgjeleg ikkje lett å finna.

Det finst og orrfugl og storfugl både ber og på naboøyane. Stundom kan ein



jamvel sjå bønsehauk på jakt etter eit høveleg bytte. På solrike stader kan boggormen vera talrik.

På Ånuglo er det mange spor etter hakkespettar, mest etter kvitryggspetten, men òg gråspetten, som ber (Jan Rabben)



Enger:
engminneblom
engstorr
hjarategras
loppetorr
marinøkkel
prestekrage
raudkløver
stortviblad
tiriltunge
vårkål
vårmarihand
vårrubblom

Furuskog:
barlind
fagerrogn
hassel
knollerteknapp
kristtorn
krossved
kusymre
purpurling
ramslauk
rognasal
skogfiol
steinnype
svartor
villapal
vivendel



Liljekonvall i kalkfuruskog.

(Bjørn Moe)